

Den fyrste vinter-OLelden

Ved sida av hoppbakken i Garmisch Partenkirchen i 1936 brann den olympiske elden fyrste gong ved eit vinterolympisk arrangement. Alt frå sommarleikane i Amsterdam i 1928 hadde ein tatt opp denne tradisjonen frå antikken, og i 1936 fekk OL-elden innpass i vinterbyen Garmisch Partenkirchen. Vinterleikane dette året må vi sjå i nær samanheng med sommarleikane i Berlin sommaren 1936. Der hadde OL-leiaren Carl Diem fått gjennom at det skulle tenast ein eld i Olympia i Hellas. Fakkelen skulle førast til Berlin i ein stafett gjennom dei største byane Sofia, Beograd, Budapest, Wien, Praha og Dresden, før den til slutt kom fram til opningsseremonien i Berlin. Elden til vinter-OL i Garmisch Partenkirchen vart ikkje henta frå Olympia, den vart tent opp på plassen.

Etter krigen var det også tent ein eld ved vinter-OL i St. Moritz, men det var fyrst til OL i Oslo 1952, at den fyrste stafetten med OL-fakkelen vart ein viktig seremoniell opptakt til vinter-OL.



Ideen om fakkelfstafetten kom frå læraren Olav Bjaaland i Morgedal. Det var godt at ideen kom tidleg for saka vart drøfta alt i 1948. Det viktige med vedtaket var at IOC ikkje hadde nokon merknad til dette. At det sto med små skrift at denne fakkelen *«ikke var noen olympisk ild som skulle bringes fra Morgedal til Oslo, men en fakkelhilsen fra den moderne skiløpings arnested...»*, vart velvillig oversett av alle. Det var OL-elden som vart tent og frakta på ski frå Morgedal onsdag 13. februar 1952 klokka ti.

Sørpolfararen Olav Bjaaland tente tyrifakkelen i gruva til Sondre Norheim på Øverbø i Morgedal. Den fyrste fakkelløparen var Olav Hemmestveit, tredje generasjon skiløpar frå Hemmestveitfamilien. Frå Morgedal til Oslo var ruta delt inn i 92 etappar, og alle fakkelfberarane fekk behalde den vakre stålholdaren fakkelen var sett ned i. Faklane var tyske, laga av Deutsche Feuerwerke, og dei brann villig i vind og ver i løypa mot hovudstaden. Skiforeningens Major Qvale heldt tale ved Sondre-bautaen i Morgedal, og ferda gjekk så til Seljord og over fjellet til Hjartdal. Nye fakkelfberarar tok fakkelen vidare til Kongsberg der den gjorde ein stopp i heimen til OL-kongen Birger Ruud. Birger låg heime med broten fot og fekk ikkje gå med fakkelen, men Morgedalfakkelen brann lystig inne i stova til Birger likevel!

Fakkelfstafetten gjorde også ein stopp ved bautaen over Thorleif Haug i Drammen, og deretter bar det vidare inn mot hovudstaden.

Fredag morgon 15. februar gjekk fakkelen frå Bærum via det som var att av forløparen til Holmenkollbakken, Husebybakken. Der var det ein liten seremoni før dei siste etappane inn mot Bislett Stadion og opningsseremonien for vinter-OL i Oslo.

Den kjente skiløparen Lauritz Bergendahl bar fakkelen inn Maratonporten på Bislett. På isen stod Egil Nansen, barnebarn til Fridtjof Nansen, klar til å ta den siste ærefulle etappen rundt heile banen. Vel tilbake ved Maratonporten tok Egil skia av, klatra opp trappene og heldt fakkelen over den spesiellaga store skåla der elden skulle brenne heilt til avslutningen ti dagar seinare. At dette berre var ei «fakkelfhelsing» frå Morgedal, var det ingen som tenkte på. Jubelen steig i det den olympiske eld frå Morgedal loga opp.